


# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 5 MAI 1979 29. årgang




# *Kjære konfirmanter!*

Konfirmanter samlet rundt døpefonten. Her er de samlet på rette sted, for dåpen er grunnlaget for konfirmasjonen og for alt kristen liv. Gud svikter aldri sin dåpspakt. Hvis den pakten skal brytes så er det vi som bryter den, men om vi bryter pakten så står den fast fra Guds side slik at vi kan vende oss tilbake til den, — som den bortkomne sønn, som atter vendte seg til farshuset og ble mottatt med åpne armer.

Du er nå kommet til en milepel i livet ditt. Ytre sett er det mange som regner konfirmasjonen som en overgang til de voksnes rekker. Det er ikke dette jeg mener med milepel, for denne overgangen skjer gradvis og er avhengig av mange ting. Jeg mener dette at du nå har tenkt over ditt dåpsforhold og selv skal ta stiling til det du er døpt til, — nemlig Faderen, Sønnen og Den Hellige Ånd. I dåpen fikk du tegnet korstegnet på din panne og på ditt bryst. Dette tegnet synes ikke, men det er registrert i himmelen. Det viser at du tilhører han. Du ble et Guds barn i dåpen. Gud er som en far for deg og du har barnerett og barnekår. Du kan henvende deg til han som har all makt i himmelen og på jorden. Han er usynlig, men er over alt hvor noen påkaller hans navn, og han vil gjerne hjelpe deg. Han har også bruk for deg til å hjelpe andre så de ikke vender Gud ryggen. Men hvorfor er det så viktig å tro på Gud da? Da vil jeg bare minne om et vers som vi har snakket mye om — Joh. 3,16. Der heter det blant annet: «for at hver den som tror på han (Gud) ikke skal fortapes men ha evig liv».

**Av Per Solem**

I tillegg til dette så har Gud bruk for hver enkelt av oss i livet, som jeg nevnte tidligere. Han har en oppgave for oss, — noe vi skal gjøre for han. Jesus sier et annet sted at han er «veien, sannheten og livet». Denne veien er den eneste veien til Gud, eller til «det evige liv».

Vi som har hatt dere i timene har prøvd å hjelpe dere til å fortsette å være Guds barn, — og dere som er iferd med å vende rygen til Gud, ville vi gjerne hjelpe på rett vei igjen.

For at Gudslivet i oss ikke skal dø ut så trenger det næring. Næringen er Guds ord og de ting Gud har sagt at vi skal bruke. Jeg tenker her på nattverden. Og vi vil gjerne invitere konfirmantene til å komme til nattverdbordet både før og etter konfirmasjonen. Her møter vi andre som vil følge Jesus og andre som trenger tilgivelse for sine synder.

En livsnødvendighet for kristenlivet er at vi fotsetter å lære om kristendommen og fortsetter å være sammen med andre kristne, så vi håper at dere fortsatt vil møte opp på samvær som vi har både i kirken og andre steder.

Så vil jeg helt tilslutt få takke dere på vegne av oss som har hatt dere i timene og på weekender og andre samvær, for et godt samarbeid. Vi håper og ønsker at det som er sådd vil bære frukter.

## SLEKTERS GANG

### Døpte

**Orkland**

15. 4 Ingrid Velle

**Orkdal.**

18. 3 Marie Heggløv
20. 3 Jon Sinnes
1. 4 Torgeir Linge
1. 4 Camilla Raaen
8. 4 Mari Grøset
15. 4 Sten Arve Bye

**Orkanger**

1. 4 Fredrik Martinsen
1. 4 Kristin Sæther

### Vigde

**Orkdal.**

7. 4 Odd Levin Gangås og Oddbjørg Sørensen

**Orkanger**

17. 3 Harald Martinsen og Anne Elisabeth Bye

### Døde

**Orkdal.**

3. 4 Karen Lovise Engmann

**Orkanger**

13. 3 Sigurd Johan Olsen f. 1917
16. 3 Jemine Haugen f. 1918
18. 3 Petter Antonsen f. 1894
23. 3 Olaf Lindolf Olsen f. 1910

---

# Rapport frå Borgund

Det er god grunn til ein situasjonsrapport eitt år etter Orkdal. Korleis er det for «trøndarar» å kome til Sunnmøre?

Det første ein må spørje om er: Lengtar vi tilbake? Barna kan snakke trønder om dei vil enno, og vi høyrer om stunder om Monica og Litj Monica og Mona og Lena og Mildrid. Det er ikkje lett for barn å flytte, og det er sjølvsagt ikkje lett for vaksne heller. Det er vel slik at først på fråstand ser ein kor fastgrodd ein er til eindel mennesker og forhold. Det skulle ha gjort seg med ei gudsteneste i ei av Orkdalskyrkjene med ein etterfølgjande prat på kyrkjebakken, eller eit husbesøk hos ein eller annan som vi fekk godt av å snakke med, ein real speidarfest eller ein prat på butikken. Rett nok fekk vi avstresse lengten med ei herleg trøndersamling i Spania, og eindel gode julebrev fann og vegen hit. Men det er eindel rotstumpar som er igjen, som har godt av næring. Slik er det!

Så var det Borgund, trivst vi her? Våren har på nytt tatt krafttak etter ein uroleg vinter. Snøklokkene har breidd sine kvite tepper over store deler av hagen i lengre tid no. Og det er vakkert med blå fjord og kvite fjell og knoppar som kjempar seg ut av våryre tre. Vi har i alle fall også ei vakker kyrkje, og folk er sanneleg ikkje så verst å gå der. Vi har ein fin medarbeidarstab i menigheten med organist i full stilling med 5 kyrkjekor, 1½ menighetssekretær. ½ kontorpost på prestekontoret. Ein familie i menigheten har nett gitt løn til ungdomssekretær i full stilling, og vi får eittåring i jentespeidaren til hausten. Vi hadde også eit team på 4 frå Ungdom i Oppdrag i heile fjor haust. Vi skulle hatt ein prest til. Folketalet nærmar seg 7000 igjen etter prestegjeldsdelinga. Og så stort folketal på ein prest er alt for mykje. I Borgundkyrkja er det gudsteneste kvar søndag, og ofte elles i veka, og på Ellingsøy har vi 3djekvar søndag ettermiddag. Der ska vi bygge kyrkje til 7 millionar, og her i Borgund må vi få stort menighetshus. Det er nok å stikke fingrane i.

For det tredje og siste: Vi trur framleis på Gud! Det oppdrag den kristne kyrkja har synest berre større og større. Og det kjem også tydelegare og tydelegare fram: **Det er ingen annan som kan hjelpe!** Det er ein gamaltestamentleg visdom som er aktuell. Derfor er vi frimodig i tenesta. Og slik er vi sikker på det er rett også og oppmode all orkdalingar: Finn vegen til kyrkjes, hjelp menigheten din til å fungere. Nådesordet om Jesus Kristus og hans frelse treng åpne sinn og føter å gå på. Levande kristendom treng vi for dette liv, og det komande!

Med vennleg helsing alle oss 10 i Borgund prestegard 29.3.79.

**Inge Eidhamar**

---

# Orkdal Minnefond

*FORMÅL: Å gjera kyrkjegarden vakrare.*

Eit nytt år er lagt bak oss, og det kan høve med ein liten årsrapport. Vi kan ikkje melde om stor framgang og store tall, men vi kjem sakte og sikkert. Fondet disponerer til denne tid kr. 6802,18. Orkdal Minnefond vart oppretta i 1973 og er såleis berre for barnet å rekne. Den gamle tradisjonen med blomar ved gravferder, er ikkje lett å bryte. Det er heller ikkje meininga. Det er noko fint med det at ein vørder det gamle og held fast ved sed og skikk. Likevel trur vi tida er inne for ei nytenking også på det området. Ein vakker kyrkjegard er eit kulturminne og ein arv til komande ætter. Det bør vi tenkja meir over. Blomane vi legg ned visnar og døyr. Det er meininga at vi til våren skal bruke av dei pengane som har kome kome inn til å pynta kyrkjegarden. Etter samråd med fagfolk — og befaring — har vi kome til at det er rett å ta til ved inngangspartiet åt kyrkja. Det vil høve å starte med ei blomsterurne på kvar side åt utgangsdøra og blomsterkassar ut mot plena. Jorda er skrinn med store tre som skygger, og den gamle tanken om bed på kvar side åt inngangspartiet, har vi gått frå. Vi kjem til å starte i det små og arbeide oss utover etterkvart som vi får pengar til det.

Vi vonar *du* vil vera med oss i år og i åra som kjem. Kontaktmennene har dei blankettane du treng, og ved å venda dykk til ein av dei, er du med oss i arbeidet for ein vakrare kyrkjegard. Klokkar Alfhild Engen som er tilstades ved alle gravferder, kan ordne med blomsterhelsing pr. telefon. Det einaste du treng å gjera, er å ringe til henne, og ho tek med den vakre minneblanketten din åt kyrkja — som ei siste helsing åt pårørande.

*Asbjørg Svare, form.*



**MENIGHETSBLAD**
**for Orkdal prestegjeld**
7330 Svorkmo
Utgitt av sokneråda i Orkdal
Redaksjonsnemnd:
**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel**
**Agnes Singstad**
Redaktør: Bertel Aasen
Kasserar:
**Einar Garberg, 7320 Fannrem.**
Postgironummer 3 26 87 29.
Takk for gåver og kontingent.
Ekspedisjon:
**Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.**
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

# Konfirmantane våre

Ein fin flokk unge har vi fått følgje gjennom 8 månader. No er spennings- og forventningsdagen like framom. Kor mange fekk verkeleg lære Jesus å kjenne denne tida? Kor mange av desse fekk sjå at han gjev menneska tryggleik og gleder over alle grenser. Ja, at Jesus er den einaste som djupast sett får framtida vår til å smile mot oss?

Det er vårt største ønske at desse unge kunne bli verande i den kyrkjelyden dei vart døypte inn i. Vi ber vel om det? Vi ber vel konfirmantane våre fram for Gud i bønn, nemner dei einskilde i soknet vårt på namn. Kanskje du som ber skulle ta for deg lista over konfirmantane og bruke den som dagleg bønneliste. Be om at det som er sådd denne vinteren måtte vekse opp og bli til liv, bli til tru på Jesus.

Korleis har konfirmantane opplevd samfunnet mellom dei kristne? — Har dei merka kjærleik og omsorg. Har dei opplevd at dei var velkomne? Ja, har vi vist interesse for dei? Det er ikkje for seint å ta seg av dei som no er famlande og leitande overfor Jesus. La oss alle ta ansvar for konfirmantane våre i bøn og omsorg.

**B.Aa.**

---

# *Til ein ung gut på konfirmasjonsdagen*

*Sjå dagen idag er av solgull gyllt*
*med rame av himmelblått*
*og heimen av høgtid og helgedom fyllt*
*over unggutens draumeslott.*
*Din tanke tar turen så vide om*
*Der ute frå livet deg ropar eit kom!*
*Du går der og veit noko ventar deg,*
*men veit 'kje i finna veg.*

*Din Gud har deg tenkt til eit fagnaverk*
*Gå ut som ein læresvein!*
*Hugs Anden vil gjera deg stormande sterk*
*og legja deg leia bein.*
*Vit, oppgåver finnes det meir enn nok!*
*Vår ungdom no kristnas skal*
*flokk etter flokk.*
*Eit krossmerka flagg*
*får du bera i slag,*
*ei gåve på denne dag.*

*Eit ynskje vi har for deg alle no*
*at du må gjera det godt,*
*men meir endå at du må bli go'*
*i det livsløp som du har fått.*
*Og då lyt du heidra din far og di mor,*
*gjeva dei kjærleik og hugnadsord.*
*Og over det heile ha otte for Gud*
*så fyller du alle bud.*

*K.R.*

---

## ORKANGER MENIGHET

**Bibeltime**

Onsdag 25.4. fortsetter vi med bibeltimene over Fadervår. Tema denne gang er: 6. bønn og avslutningen. Bertel Aasen taler over dette.

**Orkanger Indremisjon**

har møte hos Borghild og Liv Opøyen 2. mai kl. 20.00. Per Asphjell taler.

**Eldretreff**

Fredag 4. mai kl. 17.00 i Askeladden Vi minner også om turen for de eldre til Søvassli Ungdomssenter den 31. mai. Påmelding til Ann-Elin Slettahjell, tlf. 80589.

**17. mai-fest**

i Orkanger bedehus kl. 18.00. Hele familien — både store og små er velkommen.

Orkanger eldre kvinneforening av Norsk Misjonsselskap har vårfest 27. mai kl. 18. Talere: Sverre Røvik og Ottar Hyldmo.

## ORKLAND MENIGHET

**Bibeltime**

Onsdag 2. mai kl. 20.00 held kalls. kap Slettahjell bibeltime på vennemøte. Tema denne gongen er: Bønn.

**Konfirmantfest**

Samme kveld som vi har samtalegudsteneste, 24. mai, vil det bli ei festleg tilstelling for konfirmantane saman med foreldre på Svorkmo Misjonshus. Svorkmo I.U.F. arrangerer.

**17. mai-fest**

Svorkmo I.U.F. arrangerer den tradisjonelle 17. maifest kl. 20.00 på Misjonshuset.

**Eldretur til Stjørdal**

Onsdag 30. mai vert det tur for alle eldre i Orkland sokn. Vi skal til prestens tidlegare arbeidsplass, Værnes Flystasjon. Der får vi omvisning, det vert spandert kaffe av forsvaret. Flyskolen vil vise oss litt av sine kunstar oppe i lufta. Desverre må vi alle berre sjå dette frå bakken, men det vert og ei stor oppleving. Vi ser oss litt omkring i Stjørdal. Vitjar den ca. 900 år gamle kyrkja, og det vert middag med kaffe på Stjørdal Hospits. Vi reknar med avreise frå Hoston kl. 8,30, og køyrer vidare om Svorkmo og Monset. Påmelding til Rannveig Tronvoll, tlf. 84123.

**Speidargudsteneste med kyrkjebrus.**

10. juni vert det spesiell gudsteneste for speidarane. Det vert opptak av nye speidarar og innviing av nye ledarar. På kyrkjebrusen vert det litt programopplegg ved speidarane. Alle speidarforeldre og speidarar er spesielt innbudt.

## ORKDAL MENIGHET

**Orkdal**

Ved høgmesse i Orkdal kyrkje 1.4 vart Gislaug Wormdal innsett som prestens medhjelpar. Det var prosten som sto for innsettinga.

**Indremisjonen**

har møteserie ved Bernt Sveås i Megarden bedehus 1. - 6. mai.

# Hva konfirmasjonstiden betydde for meg

## Unge og eldre fortel

Det betydde at jeg som 14-åring måtte ta avskjed med skolen og læreren min (vi hadde bare en skole og en lærer den tida). Læreren het Ola Setran. Det var en tung dag, aldri mer få gå på skolen, og jeg som hadde slik lyst til å lære. (Men dette skjønner ikke skoletrette ungdomsskoleelever idag.)

Det betydde også, at nå bar det ut i arbeidslivet. Jeg fikk ansvaret for sæterstellet den sommeren. Søstra mi, 3 år yngre var med. Vi hadde både kyr, geiter, kalver og gris. Hver søndagskveld gikk jeg hjem, og mor kom og avløste, for mandag var det møtedag hos presten.

Det var en søndag i mai, vi ble innskrevet til konfirmantundervisning i Opdals-kirka. Det var i 1930. 33 jenter og 22 gutter. Konfirmasjon 28. september. Vi repeterte Katekisma, gikk gjennom noe fra N.T. og lærte utenad salmer fra salmeboka.

Lengslen etter Gud ble nok forsterket under denne tida, den lå der fra de tidligste barneår. Men først etter 4 - 5 år i et slags ingenmannsland, fikk jeg møte ungdommens Frelser. Han fylte tomrommet i livet mitt, og gav det mening, og et mål: «Og jeg gir dem **evig liv**, de skal aldri i evighet gå tapt, og ingen skal rive dem ut av min hånd.» Joh. 10,28.

**Ungdommens Frelser,**
**hør oss når vi beder:**
**Let etter dem som ennu**
**selv ei leter.**
**Døvet av verdens lyst**
**og larm og pine,**
**er de dog dine.**

**Agnes Loe Dalen**

---

Det begynner etterhvert å bli noen år siden jeg «sto for presten», men en del minner har jeg ennå tilbake fra den tiden.

Det jeg vel husker spesielt godt fra selve forberedelsen var at presten ikke sto og foreleste



*Arnold Lorentsen*

kristendomskunnskap i teori, først og fremst, men at han snakket med oss om det å bli — og å være en kristen. Måten han gjorde dette på, gjorde et stort inntrykk på meg.

Selv om vi hadde et visst pensum vi skulle igjennom, la han kanskje størst vekt på å fortelle oss hvordan det i ca. 40 år for ham hadde vært å leve i et åpent forhold til Jesus. Det at han snakket så åpent og direkte til oss gjorde vel at de fleste av oss også var åpne både for ham og for hverandre. Og akkurat ordet «ÅPENHET» kunne vel være et stikkord for denne tiden, tror jeg.

Det at vi lærte ikke å legge skjul på noe i vårt forhold til Jesus, men legge det åpent frem for Ham, gjorde at ihvertfall mitt liv ble gladere og friere.

Det å holde noe for seg selv, enten fordi en ikke tør fortelle det til Jesus, eller fordi en ikke vil, gjør at vi stenger ei dør foran Ham, og nøkkelen har vi på innsiden. Vi kan ikke føre Jesus bak lyset ved å holde noe skjult for ham, for han kjenner våre tanker, ord og gjerninger like godt, og bedre enn oss selv.

På samme måte som at åpenhet og tillit er nøkkelen til et godt og varig forhold til våre nærmeste, er også åpenhet og tillit nøkkelen til et langt mer betydningsfullt vennskap. Det at Jesus står utenfor døra og alltid sier ja, — ja til et evig vennskap med oss.

«Men dersom vi vandrer i lyset, slik han selv er i lyset, da har vi samfunn med hverandre, og Jesu, hans sønns blod, renser oss for all synd.»

1. Johs. 1,7.

**Arnold Lorentsen**

---

Eg har fått eit betre innblikk i kva kristendom er, men i byrjinga verka den heller negativ enn positiv. Kristendomen verkar på ein måte mystisk, og det er veldig vanskeleg å fortså det som står i Bibelen.

Når eg tenkjer på korleis verda har vorte til, finn eg inga forklaring. Det var nok Gud likevel!

Eg er ikkje sikker på kvifor eg konfirmerar meg. Foreldre og familie ventar det nok, men likevel kan eg bestemme det sjølv. Eg gjer det ikkje fordi kameratane mine gjer det, og pengane og gåvene kan eg godt greia meg forutan. Det er likevel noko spesielt med konfirmasjonen. Det er liksom grensa til å verta vaksen; men eg trur ikkje eg vil føle noko forandring på det punktet.

Eg trur no eg kan seia at på meg, har konfirmasjonstida verka positivt.

**Konfirmant 1979.**

---

Da jeg gikk i 8. klasse og begynte med konfirmasjonsforberedelsene, ble det endel diskusjon blant skolekameratene. Mente vi egentlig noe med konfirmasjonen, eller var det bare hyggelig å få gaver? Jeg ble også stilt dette spørsmålet, og jeg måtte tenke meg om og finne ut hvor jeg stod. Det å la seg konfirmere ville si det samme som at jeg ville fornye den dåpspakten som ble inngått da jeg var





*Marianne Gangås*

liten, — dengang jeg også fikk et navn. Var jeg så villig til det? Forberedelsene gikk i allefall sin gang, — jeg prøvde å svare ærlig på spørsmålene i arbeidsboka mi, og jeg pugget salmer. Etterhvert gikk det opp for meg at jeg la noe ekstra i konfirmasjonen, fordi jeg trodde på Jesus, og jeg visste jeg var en stor synder, og at jeg trengte én som Jesus. Jeg fant ut at det kunne ikke være noen mening med å leve hvis en ikke hadde noe å se fram til, — etter livet her på jorden. På slutten av konfirmasjonsforberedelsen ble tiden fylt av spenning og høytidelighet. Jeg så fram til å få stå der sammen med skolekameratene, og virkelig **mene** det som ble sagt og gjort på konfirmasjonsdagen.

Selvfølgelig fikk jeg mange fine gaver som jeg ble glad for, men inni meg var jeg mest glad, — nettopp fordi jeg hadde fått fornyet dåpsløftet mitt, og at jeg visste hvor jeg stod i mitt forhold til Gud. Konfirmanttida di, og ikke minst hverdagen, kan også bli meningsfylt hvis du **innser** og **tror** at du har bruk for syndstilgivelse og Jesu kjærlighet.

**Marianne Gangås.**

---

Det er så mange høgtidsdagar i eit menneskjeliv, — dagar ein minnes med ei serleg glede, — det kan vera dagen du stod brudgom, det kan vera dagen du heldt det fyrste barnet i armane dine, — det kan vera 50 årsdagen din da du liksom stod på ein høg fjelltopp og såg attover og framover, — denne dagen du tykkjest og ha nådd alle dei måla du sette deg som ung.

For min eigen del er det konfirmasjonsdagen, — ein haustdag i 1914, som glimtar mest i minnet.

Eg kan enno tydeleg sjå for mitt indre auge, Egil Brekke, der han gjekk millom oss på kyrkjegolvet og tala med oss.

Seinare i livet, i ungdommens år, som i alderdommen, er det min konfirmantprest som glimtar i minnet, — dei orda han sådde i vårt sinn denne sumaren me «gjekk for presten», fall ikkje på steingrunn, men fann grobunn i våre hjarta.

Mange av oss 1914 konfirmantar har gått i grav, berre nokre få av oss lever og går no i sitt 80. år.

Konfirmantpresten vår Egil Brekke lever enno og må vel vera noko over 90 år gamal. Me sender vår hjartelege helsing og be om at Gud må signe livskvelden både for ham og oss.

**Knut Liøkelsøy.**

---

## Oline Gjønnes

Oline Gjønnes var fødd på Gjønnes (Negard) i 1893. Garden låg på ei høgd med fritt syn utover Gangåsvatnet. Mora, Barbro var av denne gamle Bjørndalsslekta som hadde ord for å vera sterk. Faren Johan var av Melåsslekta som ein rekna for å vera ei av dei beste songslekter i bygda. Olina hadde óg fått denne arven. Ho stod ofte attmed orgelet i kyrkja og song. Tonane frå Oline fylde heile kyrkjekvelven og kyrkjelyden undrast. Ho både spela og song ved ymse høve.

Oline fekk den tunge lagnaden å bli blind i konfirmasjonsalderen. Men med det uvanlege gode humøret bar ho denne tunge lagnaden på ein framifrå måte. Ho sette beint fram livs mot i alle ho kom i kontakt med. Evnerik og godt utrusta som ho var på alle vis vart ho ein einer i kvardag og fest — i sorg og i glede. Høgreist og vakker — ei kvinne som alle fekk vørnad for, — og elska av alle. Kristen, — men med eit større vidsyn enn dei fleste.

Sjølv om ho var blind, så var ho uvanleg flink i husstell, handarbeid, veving osb. Kunstnarsinn — kjenslevarm. Når ho lydde til noko fint, rann tårane som oftast. Som lyrikar nådde ho lengst. Der lever ho vidare sjølv om ho no søv sin æveblud på Orkdal kyrkjegard.

Her kjem ho med eit dikt som høver så godt åt konfirmantane.



*Den høgste lukka ein ungdom kan nå*
*er tidleg sin Jesus å møta.*
*I frelsarens armar å kvila seg frå*
*all uro som hjarta kan grøta.*

*Ilag med Guds son vil kjærleik og von*
*som blomar om våren seg røta.*

*Den fagraste prydnad ein ungdom*
*kan få,*
*er Jesu bilæte å bera.*
*Som sola seg speglar i doggdråpar små,*
*han Meisterens avglans skal vera.*
*Når Jesus kjem inn i hjarta og sinn,*
*vil ungdommen fremja Guds æra.*

*Så fylgjer han Jesus i smått og i stort.*
*I heimen, i lag og til kyrkje.*
*Det ringaste arbeid for Herren vert*
*gjort.*
*Gud signe hans strev og hans yrkje.*
*Med Jesus ilag kvar einaste dag — —*
*Guds fred er hans rikdom og styrkje.*

Asbjørnslet 3. oktober 1929
*Oline Gjønnes*

# KONFIRMANTER

**Geitastrand 1979.**

Ola Halsen
Tore Harrang
Jon Anders Ofstad
Janne-Karin Berg
Unni Elshaug
Borghild Husdal
Randi Ofstad

**Orkdal 1979.**

GUTTER:

Bjørn Asbøll
Odd Arne Berbusmel
Olav Bjørndal
Erik Morten By
Ola Bævre
Kjetil Eikli
Rune Elvebakken
Geir Roger Espen
Ola Evjen
Rune Frengstad
Ståle Furuhaug
Ståle Garberg
Anders Guldberg
Edvard Georg Hagen
Egil Hansen
Stein Åge Hegle
Jim Holm
Morten Hukkelås
Frank Gunnar Johanson
Jan Kåre Krokdal
Per Morten Krokdal
Kjell Jørund Lian
Ivar Lillery
Jan Petter Lindsetmo
Roger Metlie
Jens Haugen Mjønesaune
Aksel Bjarne Olsen
Even Olsen
Bjørn Richvoldsen
Jostein Rønningsbakk
Jan Roger Selbekk
Roard Skjenald
Finn Skjenald
Ståle Solberg
Tor Solem
Pål Inge Smebye
Per Arne Sundli
Rasmus Sundli
Arnfinn Svorkås
Kjell Åge Ustad
Erling Weiseth
Bjørnar Wormdal
Arne Wuttudal

JENTER:

Ann Iren Bakk
Rita Bakken
Janne Mette Berg
Janne Bjerkan
Randi Bjørkli
Janne Grete Blåsberg
Berit Ingeborg By
Elfrid Pauline By
Aun Wenche Dalen
Ingrid Fagerli
Anne Elisabeth Gjertsen
Venche Gjønnes
Anne Hansen
Gunhild Merete Haugnes
Sissel Hofstad
Tone Husdal
Anbjørg Høston
Inger Johanne Kristiansen
Borghild Kristin Lommundal
Astrid Larsen
Mai Britt Løseth
Eva Marschall
Berit Metlid
Arna Mjøen
Oddny Mo
Ingeborg Rian
Gunn Rigmor Rindal
Bente Johanne Samskott
Merete Selnes
Berit Ødyn Sivertsen
Astrid Skålholt
Kari Oline Solbu
Bente Stendal
Elin Talke Strømsvik
Gitte Sundli
Kristin Syrstadeng
Anne Sørli
Turid Volden

**Orkanger 1979.**

Kl. 10.30:

Egil Ståle Edwin
Erik Frode Edwin
Geir Grefstad
Tormod Husby
Rune Karlsen
Jan Helge Mosbakk
Ola Olsvik
Lasse Renlie
Rune Slettvold
Øyvind Sten
Bjørn Welde
Trygve Åsgård
Bjørn Åsgård

Mette Irene Amundsen
Sidsel Bryne
Ann Kristin Ebbesen
Kristin Fagerholt
Bente Knutsen
Grete Leknes
Kirsti Lillebakken
Elin Synnøve Reitan
Anne Rø
Janne Marit Røhme
Solrun Singstad
Hilde Skjetne
Nina Sæther
Bente Tømmervik
Jorid Volden

Kl. 12.00:

Morten Ebbesen
Arne Fagerholt
Knut Høeg
Stig Lium
Yngve Lundquist
Klaus Ture Meland
Knut Arne Meland
Ole Andreas Opphaug
Tor Arne Rønning
Brynjar Skauvik
Paul Albert Viggen

Laila Aune
Toril Andersen
Anita Andås
Marit Bjørklund
Toril Dalen
Hilde Fandrem
Brit Unni Johansen
Kristin Korsen
Randi Løkken
Inger Johanne Meland
Mette Tove Nilsskog
Tove Nærvik
Kari Elisabeth Næss
Ann Magritt Olsen
Inger Johanne Olsen
Oddveig Ophaug
Eva Merete Røhme
Evy Anita Rønes
Kristin Skjølberg
May-Britt Setervang

**Moe kyrkje 1979.**

JENTER:

Lena Marit Brattli
Johanne Gimse
Mari Høston
Tone Haug
Kari Høve
Brynhild Kvåle
Ildrid Ljøkjel
Bente Myklegård
Gun Magritt Sandvik
Idun Skjølberg
Monica Stølhaug
Liv Irene Thuseth
Jenny Margrete Vangen
Elna Vassli

GUTAR:

Jonny Bakken
Vebjørn Elden
Endre Hoston
Jan Ove Lilleås
Knut Erik Ljøkelsøy
Leif Atle Rye
Håvar Selbekk
Jostein Skjølberg
Alf Helge Solbu
Tom Ole Stølhaug
Kjell Ola Svorkmo




**DISTRIKTSBANKEN MED STORBANKENS FORDELER**



Forretningsbanken a/s


## Gåver til bladet

*7300 Orkanger:*

Hildur og Ludvik Haarsaker 20. Kari og Anders Grimstad 20. Reidar Kjønsvik 20. Thorsø 20.

*7310 Gjølme:*

Arnt Dyndal 20. Ole Vattengård 20.

*7320 Fannrem:*

Anton Løvås 30. Berit Metlid 20. Knut Rønningsbakk 30.

*7323 Asbjørnslettet:*

Eli Fandrem 30.

*7330 Svorkmo:*

Marit og Knut Liøkelsøy 25. I. og B. Wahl 25. O. O. Skjølberg 20. Ludvik Aasen 30.

*7374 Geitastrand:*

Astrid og Andreas Magnussen 20. Asbjørg og ivert Husdal 25. Gunlaug og Per Kjøren 20.

*Utanbygds:*

Ildri Løseth, Trongbakken, 7340 Løkken Verk 20. Anne Løvås, 7080 Heimdal 25. Ragnhild Rygg, 3070 Sande i Vestfold 30. Trygve Aune, 7354 Viggja 20.

Gåver til bladet i mars i alt *kr. 490,-.* Hjarteleg takk.

Hjertelig takk!

## Høyrt på kyrkjeveg

På heimveg frå kyrkja fortalde ei kvinne som nett hadde vorte enke: No har eg vore mange gonger i kyrkja, men det var først i dag at eg la merke til at blir bede i kyrkjebøna. Du oppsedar oss for ditt rike med kors og trengsel. Det har vore vondt og vanskeleg etter at eg så brått blei enke. No får eg sjå at det som har kome til meg er styrt av Guds kjærlege hand. Ei ung jente som nett hadde fått blank ring på fingeren, sa då ho høyrde enka sitt vitnemål. Eg og la merke til noko i kyrkjebøna som eg før ikkje har merka meg. Du gjev glede og gode dagar, og eg laut takka Gud for at han no let meg oppleve dette. Både enka og jenta hadde den dagen frå kyrkja fått med seg noko verdfullt.

*Ludvik Aasen.*

## Kyrkjegong

Det ser ut for at folk tek til å gå meir til kyrkja enn for berre eit 10-år sia. Men det er visst langt att til kyrkjegongen vert slik som for eit par mannsaldrar sia.

Eg sit og les livssoga hans K.M. Elda, den navnspurde læraren — Norskmålmannen og kyrkjemannen som levde og virka på Svorkmo frå 1876 til han døydde mest 100 år gamal i 1955. Om kyrkjegong seier han: «Eg gjekk åt Mos-kyrkja kvar sundag det var preike, så sant det var preike, — her var messe tredjekvar helg. Kyrkjevegen var full av køyrarar og gangarar. Bilar og syklar var ikkje komne i bruk, og ridesalane for menn og kvinner, som det før hadde vore slik stas med, hang no ubruka på gardom. I gardstunet på Mobakk var det fullt av kjøretøy og folk og hestar rundt veggene. (Butikken på Mobakk var open etter preika så folk kunne få handle) Folk gav seg god tid etter messa, — handhelsa på kvarandre og talast ved. Alle lyfte på hatt eller huva for presten og like-eins lyfte dei på hovudplagget til fyrste slaget i samringinga. Når dei kom heim att var det god kjøttkoking å få, og heimefolket måtte få vite kven ein hadde råka ved kyrkja, — kven dei var i fylgje med, — korleis kledd kvinnfolka var, — kven som hadde barn til dåpen, — kven som var faddrar, — kva som var opplese på kjerkbakka osb.

Som eg sa først, — kyrkjegongen held på og tek seg oppatt, men det er langt til det vert slik som K.M. Elda skildrar.

*Kn.L.*

**«Familierådgivningskontoret i Trondheim, avd. Orkdal.**

**Kontoret er flyttet til Helsestasjonen, Orkanger. Kontordag hver tirsdag fra kl. 10.30 - 14.30. Timebestilling hver dag fra kl. 9 - 15 i tlf. 074 80 510 eller 80 780.»**


**G. Ingebrigtsen Eftf.**

*DAGLIGVAREFORRETNING*

7310 GJØLME
Tlf. 80 153

**OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER**

**Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.**

**Fotograf Kvarsnes**

**Plater og musikkassetter stort utvalg i gitarer.**

**Tlf. 80 356 Orkanger**

**Svorkmo Prenteverk A/S**

**Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.**

**Telf. og post: 7330 Svorkmo.**


**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.

# VELKOMEN TIL KYRKJA

*29.4 2. s. e. påske*
Orkdal k. kl. 11
Familiegudst. v. res.kap. Aasen og kateket Solem. Samtale med konfirmantane. Offer til barnevernsakademiet «Dronning Mauds minne.»

Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til Søvasskjølen fjellkyrkje.
Moe k.
Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Prostiets eldrekurs.

*1.5 Arbeidets dag*
Orkdal k. kl. 11
Familiegudst. v. res.kap. Slettahjell. Offer til Kristne arb. Forbund.

*3.5 torsdag*
Orkanger k. kl. 19
Familiegudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Samtale med konfirmantane.

*6.5 3. s. e. Påske*
Orkdal k. kl. 11
Familiegudst. v. res.kap. Aasen og kateket Solem. Konfirmasjon. Offer til menighetsarb.

Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. spr. Olsen. Offer til N.K.U.F. Trøndelag krets.

Geitastrand k. kl. 11
Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til menighetsarb. Buss frå Råbygda.

*13.5 4. s. e. Påske*
Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. spr. Olsen og res.kap. Aasen. Nattverd. Offer til barnevernsinstituttet «Dronning Mauds minne».

Orkanger k. kl. 10.30
Familiegudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Konfirmasjon. Offer til nytt menighetshus.

Orkanger k. kl. 12
Familiegudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Konfirmasjon. Offer til nytt menighetshus.

*17.5 Grunnlovsdag*
Orkdal k. kl. 11
Barnegudst. v. spr. Olsen. Offer til menighetens barne- og ungdomsarb.

Moe k. kl. 11
Barnegudst. v. res.kap. Aasen. Offer til menighetens barne- og ungdomsarb.

Orkanger k. kl. 12.30
Barnegudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til menighetens barne- og ungdomsarb.

*20.5 5. s. e. Påske*
Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd. Offer til menighetsarb.

Geitastrand k. kl. 11
Familiegudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Samtale m. konf. og konfirmasjon. Offer til menighetens barne- og ungdomsarb.
Støylen skole kl. 11
Gudst. møte v. res.kap. Aasen.

*24.5 Kristi Himmelfarts dag*
Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd. Offer til Kristen videregåande skole i Trøndelag.

Moe k. kl. 19
Familiegudst. v. res.kap. Aasen og kalls.kap. Slettahjell. Samtale m. konfirmantane. Offer til menighetens ungdomsarb.

*27.5 6. s. e. Påske*
Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. spr. Olsen. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

Moe k. kl. 11
Familiegudst. v. res.kap. Aasen. Konfirmasjon. Offer til ungdomsarbeidet.

*3.6 Pinsedag*
Orkdal k. kl. 11
Høgtidsgudst. v. prost Rogstad. Offer til Søvasskjølen fjellkyrkje.
Orkanger k. kl. 11
Høgtidsgudst. v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til Sjømannsmisjonen.

Moe k. kl. 11
Høgtidsgudst. v. res.kap. Aasen. Offer til Menighetsfak.

Geitastrand k. kl. 15
Høgtidsgudst. v. res.kap. Aasen. Offer til Sjømannsmisjonen.

*10.6 Trieiningssøndag*
Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til Norsk søndagsskoleforb.

Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til menighetsarb.

Moe k. kl. 11
Familiegudst. v. res.kap. Aasen. Speidarane deltar. Nattverd. Offer til speidararb. i kyrkjelyden.

*14.6 torsdag*
Kveldsmesse kl. 20 v. prost Rogstad og fork. Bonsaksen. Ungdomskoret.

*17.6 2. s. e. Pinse*
Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til prostiets eldrekurs.

*Risan hjå Arne Lomundal kl. 11*
Gudst. møte v. res.kap. Aasen.
*Gjølme bedehus kl. 11*
Gudst. møte v. kalls.kap. Slettahjell.

*24.6 3. s. e. Pinse*
Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til prostiets eldrekurs.

Geitastrand k. kl. 11
Familiegudst. v. kalls.kap. Slettahjell og taler frå søndagsskoleforb. Offer til Søndagsskoleforb.

Moe k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Aasen. Offer til Norsk søndagsskoleforb.
Eldres kyrkjedag.

Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s
BARDSHAUG
Tlf. 80 395